



Protokoll styremøte

Styremøtet vart halde på Halne Fjellstugu fredag 8. juni kl 11:00-14:00

Desse møtte:

Frå styret: Arne Presthus, Tore Gunnar Hjortland, Liv Sundrehagen, Marit Hesvik, Ivar Bjørkedokken, Kjetil Larsgard og Reidar Stenberg.
Frå administrasjonen: Janne Alsaker og Sølvi Gundersen.

Sakliste:

Sak 19/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.
Skrivar: Janne Alsaker*

Sak 20/18 Godkjenning av referat frå sist styremøte.

Vedtak:: Referat vart godkjend og signert

Sak 21/18 Nye styremedlemer

Vedtektene til laget og instruksen for styret må gjennomgåast.
Nye styremedlemer og varamedlemer må skriva under på taushetserklæringa.

Vedtak: Vedtektene og instruksen vart opplesen, og taushetserklæringa vart signert av Liv Sundrehagen.

Sak 22/18 Økonomi

Rekneskapsrapport 1. kvartal (01.01.-31.03.)

*Vedtak:
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått og teke til etterretning.*

Sak 23/18 Møteplan

11 september på Halne
27-28 november (i samband med julebord for landbruksvikarane)
Styremøte Rosendal februar/mars
Krinsmøte februar/mars
Styre/årsmøte i utgongen av mars

Sak 24/18 Ymse

Jobbe vidare med planen om marknadsføringsfilmen, opplæring i ulike fjøs landbruksvikarane ikkje har vore i før for å auke beredskapen.

Møtet slutt 14:00

Ref: Janne Alsaker